

Nynorsk:

Ny krisepakke for frivilligheita

Ein ny koronakrisepakke for frivillige lag og organisasjonar er klar. Formålet med ordninga er å kompensere frivillige organisasjonar som har betydelege inntektstap frå arrangement eller anna spesifisert aktivitet, som følgje av pålegg eller råd gitt av staten i samband med COVID-19-utbrotet.

Krisepakke 2 gjeld for perioden 12. mars til og med 31. august 2020.
Søkarane må vere registrerte i Frivilligregisteret.

Søknadsfristen er 15. september.

Det kan søkjast om:

- Tapte inntekter frå arrangement som skulle vore arrangerte i perioden (for eksempel tapte billettinntekter, parkeringsinntekter, inntekter frå loppemarked eller kioskinntekter).
Arrangement vil seie tidsavgrensa aktivitetar som er opne for alle medlemmene, besøkande, publikum og andre deltakarar i målgruppa.
- Tapte billettinntekter frå anna spesifisert aktivitet i perioden (for eksempel museer, akvarier, kinoar eller idrettsanlegg).
Anna spesifisert aktivitet vil seie tilbod i regi av frivillige verksemder som skulle vore opne for besøkande i den gjeldande perioden.
- Tapte utleigeinntekter i perioden (utleige av bygningar, anlegg, hytter, båtar og andre rom og lokale).
- Tapte inntekter som følgje av at organisasjonen har mista oppdrag i tilknytning til eit arrangement eller anna spesifisert aktivitet.

Les meir på Lotteri- og stiftelsestilsynet sine nettsider.

[\(https://lottstift.no/ny-krisepakke-for-frivilligheita-2/\)](https://lottstift.no/ny-krisepakke-for-frivilligheita-2/)